



Sandtaksområdet på Døssland slik det er vist i ein protest frå Haugland-opsittarar.

No er høyringa om planprogrammet for sandtaket på Døssland i gang og Bergvesenet er den første som har kome med ei uttale. Her heiter det at programmet synes å fange opp dei mest aktuelle problemstillingane for denne type tiltak.

Det som Bergvesenet likevel saknar i programmet er ei grunngeving og vurdering av trong for tiltaket. Her tenkjer dei mellom anna på ei vurdering av marknadstilhøva for sand- og grusprodukta og ei nærare skildring av kvaliteten på massane i sandtaket. Utover dette har ikkje Bergvesenet merknader til programmet. Programmet skal leggast fram for Bergvesenet før det blir endeleg fastsett.

Sandtaksprosjektet til Trond H. Myklebust vart møtt med motsegn frå fylkesmannen, som kravde konsekvensutgreiing fordi prosjektet kan få vesentlege verknader for miljø, naturressursar eller samfunn. Fisk og fiske vart her særleg nevnt. Også Haugland-opsittarar har sterke innvendingar mot prosjektet.

Av Ola Matti Mathisen